

Telefonundersøking om grensejustering av bygdene Sandøy, Ona/Husøy og Orten

- Det vil bli spurt om kjønn og alder
- Svaret til den som blir oppringt er anonymt

Innleiing til hovudspørsmålet:

God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering for øyane Sandøy, Ona/Husøy og Orten over til Aukra kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:

- *Kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog slår seg saman til nye Ålesund kommune frå 1.1. 2020*
- *Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1. 2020*

Hovudspørsmål:

Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona/Husøy og Orten skal høyre til i framtida?

- *Bli i Sandøy kommune (Ålesund kommune frå 1.1. 2020)*
- *Overflytting til Aukra kommune*
- *Veit ikkje*